

## Referat fra forelderådsmøte for alle foreldere - 14.september Myking Skule

### Orienteringar frå rektor

- 1) Turid Grov fortalde litt om seg sjølv. Ho har lang erfaring som lærar i grunnskulen, både frå Nord-Noreg og Stavanger. Ho har også vore sjølvstendig næringsdrivande innan kunst.
- 2) Presentasjon av kven som jobbar ved Myking skule 2017/2018.
- 3) Viktige endringar i opplæringslova og godt skulemiljø – Sidan dette er gjennomgått på foreldremøtene hoppa med over dette punktet.
- 4) Orientering om Trygg skuleveg, beltebruk på bussen og sykling til skulen. Skulens anbefaling er at ein kan sykle til skulen frå 5 klasse, husk hjelm!  
NB om nokon opplever uheldige hendigar på bussen er det viktig å melde fra til Isabell Hansen som tar dette vidare. Husk å notere dato for hendinga.
- 5) Orientering om Prosjekt sykling. Gjennomgang av prosjektveka og dei ulike aktivitetane barna skal få oppleve, forskjellige kurs dei skal ha, og tur til Bergen, samt aktivitetar på sykkel.
- 6) Planer for fellesarrangement gjennom året. Gjennomgang av aktivitetsplan for skuleåret.
- 7) Anna: Planar om å opprette ei facebook side som skulen skal administrerer. Denne blir offentleg, og her vil rektor/lærarar kunne legge ut informasjon. Denne kjem i tillegg til sida me har for foreldre/FAU/lærarar, som er lukka.

### FAU – Orienteringar.

- 1) Gjennomgang av Årsmelding (vedlagt)
- 2) Gjennomgang av rekneskapet frå 2016/2017 – Vedlagt
- 3) Valg av ny leiar til FAU – Isabell Hansen blei valgt til ny leiar.
- 4) Anna: kva skal FAU bruke pengar på? Det kom inn forslag om at det trengs utstyr til skulekjøkken etc. Foreldre er også nysgjerrig på skulens budsjett på f.eks utstyr leiker. Det blei også tatt oppigjen om FAU skal jobbe vidare med leksefri skule, og det blei diskutert litt rundt dette.

Referent Miriam Vabø

## Årsmelding – Myking Skule FAU 2016/2017

Leiar	Miriam Vabø
Nestleiar	Ida Marie Nordahl
Skrivar	Anne Eikemo
Kasserar	Miriam Vabø
SU medlem	Torbjørn Refsdal
Vara SU medlem	Ørjan Tvedt
SKMU-medlem	Edmund Nyheim
Vara SKMU medlem	Eirene Kleiveland

FAU har hatt 4 møter og har handsama 21 saker dette året. Fokusområder dette året har vært sosiale og faglige arrangementer, betre opplevelsen med skuleskyssen, og innkjøp av leiker i samarbeid med elevrådet. Edderkoppdissa som FAU skulle betale, er betalt av skulen, og FAU har derfor bevilga kr 10 000 i leiker/utstyr til barna som kan bidra til meir fysisk aktivitet. Leikane er ikkje kjøpt inn enda, og skulen har fått i oppgave å kjøpe dette inn, og så dekker FAU dette i etterkant.

FAU har arrangert et foreldrerådssmøte, samt arrangert tema-kveld i samarbeid med Skodvin montessorrskule. Det var Cecilie Bartnes frå barnevakten som hadde innlegg om "Smarte val ved mobilbruk og nett-bruk. Me var nøgde med oppmøte, og har fått gode tilbakemeldingar på at kvelden var interessant, og at dette var nyttig.

FAU arrangerte filmkveld for borna på Nyheim Kino på Fammestad. Me såg "Peter og Dragen" Det var stort oppmøte (ca 100) og barna koste seg. Me var litt misfornøyde med lyden i konosalen, så veit ikkje om dette blir eit arrangement som vil fortsette.

Karnevalet har blitt ein tradisjon, og var igjen ein suksess. Me selde pizzaboller, brus og kaker, hadde aktiviteter til barna, og det var dans og leik i gymsalen. Karnevalet gjekk med overskot, men det er i utgangspunktet meiningen at dette ikkje skal vere så dyrt for foreldra.

I vinter arrangerte me vintersportutsal der alle som ville kunne selge og kjøpe vintersportsutstyr. Det var mykje for salg, men ikkje så mange som kom. Dersom dette skal arrangeres fleire gonger må dette annonserast breiare f.eks på Myking si "bygdeside" på facebook, og kanskje og i andre skulekrinsar.

FAU har vore med å dekkja skulen sin aktivitetsdag "Skøytedag i Bergenshallen".

Inntekter dette året har i hovudsak komme frå kortsal, der overskotet var ca 12 000.

Saldo ved inngangen av året er kr 39 032

Overskotet til FAU gjennom året er kr 10 068

Saldo ved slutten av året er kr 49 100

Takk til alle som har jobba dugnad i samband med arrangementa.

14.09.2017 Miriam Vabø (leiar)

# Årsrekneskap for Myking Skule

## FAU 2016/2017

### INNTEKTER:

Kortsal:	20 450
Karneval:	8 016
Renter:	5
<b>Sum inntekter</b>	<b>28 471</b>

---

### UTGIFTER:

Kortsal:	7 560
Karneval:	4 787
Kinokveld:	3 000
Foredrag barnevakten:	2 556
Nærmiljøskolen:	500
<b>Sum utgifter</b>	<b>18 403</b>

---

Overført frå forrige skuleår kr 39 032

Overskot 2016/2017: 10 068

På konto pr 17/08 -17 kr 39 793

Kontantar pr. 17/08-17 9 307

Konto + kontant: pr 17/8 2017 49 100

Kasserar Tomas Frotjold 17/8 2017

